

Gode sirkklar

Nyhetsbrev 01

Jan.
2010

KOMPETANSEDRIVEN NÆRINGSUTVIKLING

Godt nytt år med Gode Sirkklar!

Utover i 2010 vil Gode Sirkklar sette i verk ei rekkje aktivitetar og tiltak i regionen. Nokre av dei er nemnd i dette første nyhetsbrevet i det nye tiåret.

Kysteventyret - Reisemål Sotra og Øygarden - er no godkjend som destinasjon i Hordaland fylke.

Regionen kan då presentere seg på line med Voss og Hardanger. Kysteventyret får eigen nettportal på Fjord-Norway-sida, den offisielle reiselivsportalen til vestlandet. Fylket vil óg bidra med eit årleg tilskott.

Nettsidene får si utforming no i januar. Dei første glimta blir viste på VNR-treffet 19.januar. Regionen kan vise fram eit sant mangfald av spanande opplevingar, dramatisk og vakker natur, og engasjerte reiselivsoperatører innan alle bransjar.

Luftskipet landar

Byggingen av Luftskipet nærmar seg ferdigstilling. Hovedkonstruksjonen i stål er klargjort og frakta frå Oslo til Moss for trekking av duk og prøveoppsetjing. Etter planen skal Luftskipet være klar for vidare transport frå Moss til Sotra omkring månadsskiftet januar/februar. Samstundes er førebuingane til opningsarrangementet medio april i godt gjenge.

Sotra Marine industrinettverk utvidar verksemda til Fjell og Øygarden

Samarbeidet med Universitetet i Bergen, som blei starta opp med Akselerasjonskonferansen Nettverket blei etablert med utgangspunkt i den aktive næringa i Sund. I 2010 er det intensjonen å utvide nedslagsfeltet til dei to andre kommunane. Eit arbeid med dette føremålet er starta.

Straume kompetanseforum blir lansert

Samarbeidet med Universitetet i Bergen har gitt høve til å starte planlegginga av eit kompetanseforum for industrien. Forumet skal organisere grupper for bestemte fagfelt, som logistikk, internasjonal handel og energi, der det blitt faglege innspel frå UiB i ein fast struktur. Forarbeidet er i gong, og forumet skal etter planen starte verksemda i august.

Evalueringa av Gode Sirkklar blir lagt fram mot slutten av februar

Agderforskning har ei tid arbeidd med ei forskningsbasert evaluering av selskapet Gode Sirkklar. Det var lagt opp til ei slik evaluering frå selskapet blei etablert i 2005. Gode Sirkklar har heile tida vore drive av Sintef gjennom ein partnerskapsavtale. Selskapet har knytt til seg kompetanse både frå Sintef og andre kompetanseinstitusjonar, ved sidan av å bygge på lokale initiativ og bruke arbeidskraft frå regionen.

vox-kurs

Regionen sitt eige opplæringskontor, L2L, har tatt initiativ til å starte Vox-kurs. Desse kursa er retta inn mot vaksne i arbeidslivet. Hensikta er å styrke dei grunnleggande ferdigheitene i norsk, matematikk og IKT. Vox er eit statleg program for vaksen-undervisning, og det ligg føre sentralt gitte læreplanar for denne undervisninga. Det blir no søkt midlar til å gjennomføre kursa, som kan starte i løpet av året.



Sotrakonferansen i september

Saman med Vest Næringsråd vil Gode Sirkklar arrangere ei ny Sotrakonferanse, i september 2010. Det blir no danna ein arrangementskomité.

Styrka samhandling med Business region Bergen

I byrjinga av februar vil Gode Sirkklar ha eit møte med BRB for å sjå på effektive samarbeidsformer.